



Tre bøker vart presentert. av Tor Bringedal, Else Helleland og Halvor Medhus

Tor Bringedal frå Herøysund vart rost for boka om Kvinnherad frå 1835 til 1945 då han ga ein fyldig orientering om ho under bokkvelden i Gamleskulen. Ikkje minst vart det streka under kor positivt det er at ein lokalkjend faghistorikar har gjort denne jobben. Han vart også spurt om han kan tenkje seg å skrive ein ny bolck, til dømes om dei 20 åra fram til 1965.

Til det svara Bringedal at han ville svara eit nølande ja fordi det i så fall måtte skje på eit anna økonomisk grunnlag.

Boka han no har skrive har han finansiert sjølv.

Han kom også inn på kvifor han har teke dette store løftet og slo fast at det som til no føreligg inneheld betydelege manglar.

- Eg har freista å retta opp ein mangel, sa Bringedal som mellom anna kom nærare inn på okkupasjonstida og koleis han har gått laus på den.

Dei som hadde vore i styrande fuksjonar før denne heldt stort sett fram og burde dei gjort det? Bringedal svara både ja og nei på det spørsmålet. Det var ingen av dei som protesterte.

Det var få NS-medlemmar i Kvinnherad, truleg berre 12-13, men ein god del sympatisørar som nok mellom anna la vekt på lovnadane om økonomien og norsk jordbruk, Andre tema som Bringedal har skrive mykje om er vegstellet, kykja og skulen. Baronens spela ei positiv rolle då det endeleg vart fart i vegbyggjinga, Det skjedde i stor grad av omsyn til skule-elevane. strekninga frå Fet i Omvikdalen til Helvik var eit døme på det.

Nå det så gjeld kykja spela ho ei langt større rolle for folk enn i dag

To andre bøker vart også presentert. Den eine var Bonderoser som bygdekvinnelaget i Omvikdalen har gjeve ut og som er både poesi og prosa skrivne i perioden 1937-1940 men som sidan han lege innelåst i banken.

Årets Kvinnhersminne med husmorlagsstoff og stoff frå Skorpo var presentasjon nummer 3.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

 [Tilbake](#)